



Valldal Idrettslag

Referat styremøte Valldal IL
Torsdag 25. februar 2021 kl 19.30
Klubbhuset – Omenås

Einar Hoel, Odd Lennart Vikene (på Teams), Ellisiv Jarvik, Anne Nygård, Trond Håvoll

Friidrett v/Magne Eivind Glomnes
Ski v/Jan Ole Fuglem

Dagleg leiar Olav Løvoll

Fråfall: DiskSPORT v/Richard Moen, Trim v/Oddbjørn Myklebust og Fotball v/Solfrid Fjeldstad

Sakliste -

6/21 Kort informasjon frå gruppene, hovedstyret og dagleg leiar

- Aktivitet i gruppene

Ski:

Det har vore bra med snø, og godt oppmøte på treningane. Det er slitsamt med alle endringene i smittevernreglane, i forhold til å arrangere renn. Men det har vore fleire skiskytтар-renn i år en tidlegare.

VIL gjorde det bra på 10-timers konkurranse. Vi fekk førsteplass for idrettslaget som heilheit og nokre for grupper.

Friidrett: Ikkje starta enno.

Fotball: Det har vore treningar. Det er påmeldt lag, både junior og senior herre.

- Hovedstyret – ikkje noko spesielt sidan førre møte
- Dagleg leiar – har hatt opplæring på datasystem. Har delt ut flygebladet for fiber for Tafjord Connekt. Kontrollutvalget har bede om at gruppene sender inn referat frå styremøta.

7/21 Skiskyttaranlegg-skiløype med lys på Grønningsæter/Høghjelle

Dette har utvikla seg til å verte ei komplisert sak når det gjeld bruk av arealet. Området er regulert til sokalla LNF-område og dersom det skal verte idrettsanlegg i form av skiskytтарstadion/standplass/skytebane, er det to alternativ for å få endre dette:

- Søkna om dispensasjon frå gjeldande plan
- Omregulering av området med ny reguleringsplan



Valldal Idrettslag

Begge alternativene er omfattende prosessar, der dispensasjon kan gje ei kortare behandlingstid men må også sjåast på som ei enklare og kanskje også kortsiktig løysing. Reguleringsplan er omfattande og også kostbart, men kan gje ein heilheitleg og langsiktig plan for idrettsformål i området. For begge alternativene skal naboar og andre som har interesser i området, td eigar av fylkesvegen, få høve til å uttale seg og kome med ev merknader og klager. Det må også gjerast vurdering av skredfare i område og støy frå skytebane skal utgreiast.

Dersom dette går gjennom må det så søkjast konsesjon for bruk av området.

Det er vedteke at det skal byggast turløype og skiløype med lys. Dette vil krevje sakshandsaming etter Jordlova så det bandlegg jorda også om sommaren. Ei skiløype kun for vinterbruk vil ikkje ha dette kravet. Men lys langs løypa vil uansett krevje Jordlovhandsaming, som også er ein krevjande prosess, med nabovarsling, uttale frå diverse instansar og kommunal politisk behandling.

Det har vore møte mellom delar av arbeidsgruppa for anlegget og kommunal planavdeling, der det vart gjeve informasjon om det omfattande arbeidet som må gjerast før det er håp om at arbeidet kan takast i bruk.

Styret vert først og fremst orientert om utvikling og status for planane for anlegget, og styret bør også diskutere og ta stilling til kva som skal gjerast vidare. Utifrå dette må det arbeidast med sak som må leggjast fram på årsmøtet 24. mars. Då må det også takast stilling til om løypetraseen skal endrast frå tursti/turløype til skiløype. Dette vil i så fall påverke finansieringsplanen og andelen av spelemidlar til løypa.

Vedtak: Styret diskuterte saken og meiner at vi skal fortsette å arbeide med å få eit grunnlag for å ta stilling til dispensasjon eller utarbeide ny reguleringsplan. Arbeidsgruppa kan arbeide med å konkretisere prosess og kostnader. Saka skal takast opp att på neste styremøte og deretter leggjast fram for årsmøtet til avgjerd

8/21 Retningslinjer for bilagshandtering

Oppfølging av sak frå førre møte. Etter tilråding frå Norddal Rekneskapskontor vert det laga retningslinjer for handtering og levering av rekneskapsbilag. Forslag til retningslinjer vert lagt fram til møtet.

Vedtak: Styret gjekk gjennom retningslinjene. Det vart ein del diskusjon om kor langt vi skal gå for å få meir elektronisk flyt på bilagshandsaming, og å bruke rekneskapskontoret sitt system for fakturering.

9/21 "Marknad"

Det er framleis uklart kva som vil vere muleg av arrangement utover våren og sommaren. Marknad i april vil truleg ikkje vere muleg. Det bør difor planleggast eit enkelt lotteri med loddosal i og etter påske og trekning i slutten på april.

Øvrige sommararrangement må framleis settast på vent

Vedtak: Mefjellet opp 27.6. blir lagt ut på heimesida.



Valldal Idrettslag

Som erstatning for marknad i april vert det gjennomført eit lotteri. Loddsal blir annonsert i avisa, og vert gjennomført med bruk av Vipps. Dagleg leiar organiserer innsamling av gevinstar.

10/21 Årsmøte

Gjennomføring av gruppeårsmøter og saker til årsmøtet i Valldal IL.

Sak innmeldt til årsmøtet: Fast dekke – tartan på friidrettsbana

Vedtak: Når det er faste tilviste plassar kan vi ha hovedlaget sitt årsmøte på klubbhuset.

Endeleg sakliste til årsmøtet vert sett opp på neste styremøte.